

Innspel til kommuneplanen sin arealdel frå Leiketun barnehage AS

Leiketun barnehage heldt til sentralt på Frekhaug. Vi meiner det er viktig både for dei minste og dei litt større borna i barnehagen å ha turområde/skogholt å gå til utanfor barnehagen. Dei siste 10 åra har mange av turområda våre blitt byggeland. Innspelet vårt handlar om å ta vare på dei områda som er att, særleg dei som er innan rekkevidde for dei mindre borna. I kartet har vi merka av nokre av dei turområda som vi brukar i dag, og som vi gjerne vil bevare.

1. Skogholt mellom Mjåtveitelva og Rosslandsvegen
2. Skogholt bak Frekhaug senter/ ved gangbru over Rosslandsvegen
3. Skogholt mellom Løypetona og Elvaåsen
4. Skogen langs sti opp til Lilleknappen
5. Leikeplassen i Grønlandsfeltet
6. Leikeplassen i Jonsokgrenda